

Silda

Av Roar Børø

Sild i fjorden! - Ropet gjalle ut over Vågen. Ut frå annakvart hus kjem det kallar springande som om det er tyskarane som er på veg inn fjorden igjen, som den 9. april 1940. Men det er ikkje nazistisk invasjon no. Det er sild i fjorden. Høyrer dokk:

DET ER SILD I FJORDEN!!

Vi smågutane har andre ting føre, vi spring rundt og leiter etter hus der vi får servert fersk og varm potetkake med sirup eller vi finn på alle slags sprell for å dryge tida. Bryggene er leikeplass nummer ein for oss.

Men det er ingen spøk å være i nærheta av bryggene når det går melding om det er sild i fjorden. Da er denne arenaen ikkje lenger for smågutar. Da er det storkarane med sjøstøvla og blankskjermhuv som rår grunnen. Vi må finne oss i å rømme unna så godt vi kan.

Livet vårt er elles utan bekymringar av noko slag, aller minst har vi tankar for silda som er i fjorden og som karane skal utpå for å få tak i. Ikkje for det - det går ikkje an å vekse opp i Vågen og ikkje være involverte i silda på eit eller anna vis, men vi klarer oss godt utan ho i det daglege. Vi har syklane våre, kvarandre og livet er framfor oss.

Sild er no som blir servert til middags for oss smågutane. I alle slags variantar: flekksild, kokasild, fersksild, spittesild, steikasild, sildkak, sildsup - for å nemne nokre av dei variantane vi vart oppgjødd med. Variantar som i dag berre er ord for dei fleste av oss - og høyrer ei anna tid til.

Ut ifrå Larstua kjem han Kal Larstua fykande. Han har bytta ut fjøskalosjane med storstøvlane no. Skjermhuvu er på plass over krøllane, snadda i kjeften og han har ein fart over seg som om det gjeld livet. Da må du ikkje prøve deg på å forstyrre han i det han gjer.

-*No må du skynd deg Einar*, høyrer vi han roper idet han spring ned på nothenge hans Bjarne Kristiansen. Kal er kvass i målet å storebroren sin. Ein skulle tru at det er han som er eldst om ein skal måle det etter kvassheita i målet.

Broren Einar er eit par tre år eldre, men er minst tretti år eldre i tempo. Han har rollen som gamalkar i Larstua etter at faren han Edvard er borte, og mora Gusta har levert inn symaskina og reist til Sanddalen kirkegård i Sørfjorden.

Søstra Tordis er heime og tar seg av bruket når gutan er på sjøen. Det er ikkje rare bruket, fire

fem sauer, ein gris og sju åtte katter. Larstugutane har livberging overalt. Dei slår kantslått på storgardane og hesjer på staur og ber høyet heim på ryggen eller trillebår.

Larstua har part i landnotlaget hans Bjarne Kristiansen. Båten heiter Notmann og er ein gamaldags gavelbåt som stort sett ligg dovent i ro på Vågen. Men når ropet gjalle over hamna om silda, er eldsteguten i Kristiansenstua; han Erling raskt utpå og starter opp.

Kristiansenstua er eit av strandsittarbruka under Råkagårdane i Vågen. Dei klarer seg godt. Sjøen er fri og karane er fri på sjøen og fiskar og tar heim det dei kan av rikdommen i fjorden. Dei er mange nedi Kristiansenstua.

Regina bor der, ho er lettare psykisk utviklingshemma, som det heiter no. Kva det heitte då skal eg ikkje nemne, for det er eit ord som er gått ut av ordboka - og godt er no det. Ho bett votta og lugga som er tøva og klar til bruk for karane på bruket og bruka omkring.

På loftet ligg gamlemor - ho Lisabet-Bernt og drar på åra. Det har ho gjort i mange år frå loftet - dratt på åra. Så mykje har ho dratt på åra at ho no er utgammel, og styrer bruket frå senga med mild hand. Ho har ein staur ho slår i golvet med når ho ikkje får det som ho vil. Nedi stua høyrer alle at gamlemor har bestemt at livet skal gå ein annan veg enn dei helst kunne tenkt seg. Og ikkje slik dei yngre har bestemt. Ungkona hu Alma spring rundt og gjer alle til lags så godt ho kan på sitt vis.

Dunk - dunk - dunk kjem det frå Notmann på Vågen og svarte ringar av røyk går opp i lufta. På land står vi smågutane og ser på røyken og undrar oss over kor fine røykringar som kjem opp frå skorsteinen på Notmann.



Notbåten på vei ut

Notmann som ligg så stille på Vågen dag etter dag, utan ein einaste lyd. No brummar han med

Han var ein mann mot straumen, som då han jaga kalla frå Ytterråkvågen ut frå Nordfjorden. Han starta i politisk opposisjon og danna Stjornalista som kom inn med fem representantar i Rissa kommunestyre. Her fekk han god bruk for eigenskapane sine med å leva motstraums.

Ein avholdt og populær kar for mange, men for andre igjen ein opposisjonell som visste kva han sto for. Og som ikkje lot seg pelle på nasen av verken storkarar eller maktfolka av alle avskygningar nokon stad på sin veg.

Aksel Johansen hadde alltid garn i sjøen, i all slags vær.

Aksel mista livet som han levde det: Han fall over bord under garn trekking på åttitalet i den fjorden han elska mest av alt. I snøkav og vind. Dei fann han ute ved skjæret etter nokre dagar.

Råkvågen har aldri vorte slik han er utan silda. Silda var alt her i bygda. Ingen brygger ville ha vore bygd utan silda. Ingen velstand for folk utan silda.

Heile Stjørnfjorden er prega av silda. Utetter fjorden i alle bukter og viker står det brygger som vitne om silda. Nokre av dei er på veg ned av tidas tann og trengs å bli tatt vare på og vøla. Håpet er at nokre vil gjera det, slik at minnesmerka om silda blir ståande vidare.

Og vilke båtar som hadde hamn i Vågen! Eg kan nemne dei over 100 fot: Gribben, Hustad 1 og

2, Kerroch. Patria og Rolfen, Trygg, Notmann, Odd, Nordfjord, Sørfjord, for å nemne nokre av dei under 100 fot.

Men dette er historie.

No blir silda tatt langt utanfor Stjørnfjorden i slike mengder at markanden raskt blir metta. Men enno spelar silda ei stor rolle i norske fiskeri, og gir store inntekter til land og folk.

Og enno er det sild i fjorden her. Inni Nordfjorden kan eg sjå klare utslag på ekkoloddet. Somme stader ser eg ikkje botn for all sild som er under båten min. Sild som er mat til fisken i fjorden og som er mat for folket her.

Eg hadde ein onkel - bror åt far min - som var sildkaill. Karl Børø heite han. Født i 1908. Han gjekk dagstøtt utover sytti og åttitalet og venta på silda. Ho forsvann for han på sekstitalet etter at han og far min la stilt Kerroch og Fjell og silda forsvann frå kysten ein periode.

- *Hu kjem vel igjen* sa han - og rista i dei gamle bomullsnøtene vi hadde nedpå sildebrygga så støvet sto rundt han som ein føyk. Nåde den som rørte nøtene hans! Ingen turde å gjera det. Først fleire år etter at han var død tok vi mot til oss og fekk bort mykje av det gamle skrotet vi hadde liggande etter han. Slik at det vart plass til folk på sildebrygga vår på Vågen.

Blant oppteignelsene etter lærer Anders Halten (1869-1964) i Rissa finnes ei fortelling etter Gustav Paulsen Naust (1874-1943) om da Johan Hoøya (1822-1902) og kona Gurine Jonsdatter (1819-1908) møtte sjøormen på heimtur fra byen. Johan og Gurine var begge født i Stjørdalen. Det er gjort små justeringer av språket. (Eilert Bjørkvik)

Johan Hoøya og sjøormen

Som vaksen kar segla Johan Hoøya til byen og selde sild. Han hadde kona med, og dei var toeina i båten. På heimveg utover Byfjorden fekk dei motbør. Frisk bris frå vest, men det var ikkje verre enn at dei kryssa seg utover til mellom Agdanes og Brettingen. Da dei segla forbi Bakstein, fekk dei vinden romskjøts innover Stjørnfjorden. Og det trongs, for det var alt i skyminga, men dei hadde god von om at dei skulle kome heim om natta, vart ikkje vêret verre.

Ut for Fevåg fekk dei sjå at dei hadde fylgje i kjølvatnet. Dei såg eit hau som sto opp over vatnet. Det hadde store, lysande, grøngule augo. Halsen var tunnare enn hausen, og kroppen låg på vatnet som

ein stokk. Var det sjøormen, eller var det ein drake? Han drog seg litt om send inn på dei, enda dei segla godt.

Vinden auka på. Mørket like eins. I slikt vêr og mørke kunne dei ikkje segle inn til Hoøya. Det vart dauen om det ikkje betra seg. Det var så mørkt at dei ikkje hadde landkjenning på styrbord. Det var smått om lampelys og fyrblink i den tid. Vinden auka, og fysakken attom rak innpå. Da bad Johan kona ta styrvolen. Ho så gjorde, og så kraup han att i bakskotten med ein av seggelsteinane, som han godt kunne makte å kaste. Med all si makt sendte han steinen i haue på styggen. Om han råka, skal